

ÅRSMELDING 2001



Indre Hordaland
Miljøverk



INNHALD

	<i>Sidetal</i>
ÅRET 2001	
om verksemda	4
kort tilbakesyn	4
representantskapet	5
styret	6
administrasjonen	7
DEPONI	
generelt	8
restavfallsmengder	8
miljøovervaking	8
INNSAMLING OG TRANSPORT	10
GJENVINNING	11
NY SELSKAPSFORM	12
ØKONOMI	13
REKNESKAP 2001	
resultatrekneskap	15
balanse	16
notar	18
melding frå revisor	20
PLANAR FRAMOVER	21

ÅRET 2001

OM VERKSEMDA

Indre Hordaland Miljøverk DA er eit interkommunalt avfallsselskap for kommunane Eidfjord, Granvin, Jondal, Ullensvang, Ulvik og Voss. Hovudanlegget til verksemda er Bjørkemoen Avfalls- og Gjenvinningsanlegg og administrasjonen har kontor i Voss sentrum.

KORT TILBAKESYN

Etter eit heller tungt år 2000 der avfallsplassen på Bjørkemoen var stengd mesteparten av året, var det noko lettare å ta fatt på 2001. Attende i ein meir normal driftssituasjon var det mogeleg å letta blikket, og på nytt sjå framover. Nye innsamlingsruter vart sett i gang frå nyttår og det var sjølvstøtt spennande å sjå korleis dette ville fungere og korleis den nye tømekalendaren ville verte motteken. Etter intenst informasjonsarbeid mot slutten av 2000, såg det ut til at overgangen gjekk knirkefritt. Einaste skåret i gleda var at dei nye bosbilane var forseinka frå fabrikk, og at rutene dermed måtte køyrast med dobbelt sett bilar i ein periode. Dette skapte ein del unødig uro mellom brukarane og varde heilt fram til mai månad.

Ei anna viktig sak var vedtaket i representantskapet om å fremje forslag om ny selskapsform for selskapet overfor kommunane. Alt tidleg året før hadde styret starta prosessen med å finne fram til beste selskapsforma. Prosessen gav høve til ein gjennomgang av status og ei djuptgåande drøfting av korleis selskapet best kunne tene regionen med alle sine behov og særtrekk. Dette var ein nyttig prosess for alle. Me ser for oss auka konkurranse om avfallet i tida som kjem og er trygge på at den strategi som no er valgt for å tilpasse oss denne konkurransen, vil vere både til vår eigen og til regionen sitt beste.

Arbeidet med å fastsetje vederlag for arealet på Bjørkemoen er kome eit steg vidare etter at oreigningssaka var oppe i Voss heradsrett i begynnelsen av september. Skjønsretten fastsette vederlaget til 5.35 mill. kroner som eingongsutbetaling for bruk av det 70 da. store området fram til 2059. Skjønet er anka av motparten.

Det er utarbeidd eigen utbyggingsplan for området på Bjørkemoen, og første steg av planen vart gjennomført i juni då eiga vekt kom på plass. Mykje av det som skal skje på Bjørkemoen framover vert konsentrert rundt denne etableringa, og det vart lagt mykje omtanke i rett plassering av vekt-funksjonen. Seinare utover hausten kom systema rundt vekta på plass, så som «sjølbetjening» for bosbilane, tilpassing av vektbruken til faktureringsprogrammet osv.

Mot slutten av året vart det inngått kontrakt om utvinning av metangassen i deponiet. Det har tidlegare vore gjennomført prøvepumping av deponigass, slik at me veit kor mykje gass og dermed energi deponiet kan produsere. Me ser dette i samanheng med den vidare utbygginga av anlegget på Bjørkemoen og vil leggje mykje vinn på å få ut så mykje gass som råd for seinare bruk til energi. Arbeidet med graving av grøftene for gassleidningane vil ta til så snart frosten slepp taket til våren.

Kåre Flatlandsmo

dagleg leiar

REPRESENTANTSKAPET

Det var årsmøte i representantskapet på Utne den 25. april, og haustmøtet var i Granvin den 24. oktober. I tillegg til vanlege årsmøtesaker og budsjettsaker var sak om ny selskapsform for IHM oppe på haustmøtet. Dette vert omhandla i eige punkt i årsmeldinga.

Styremedlemmer frå Eidfjord, Granvin og Ullensvang stod på val til årsmøtet den 25. april. Valet fekk dette utfallet:

<i>Kommune</i>	<i>Styremedlem</i>	<i>Varamedlem</i>
Eidfjord	Harald Næss	Ola B. Hereid
Granvin	Gunvor Tveito Haugse (ny)	Lars Bjarte Røynstrand (ny)
Ullensvang	Jan Asbjørn Utne (ny)	Torbjørn Lutro

I valperioden 2000-2004 har representantskapet no følgjande medlemmer:

<i>Kommune</i>	<i>Medlem</i>	<i>Varamedlem</i>
Eidfjord	Björg Medhus Arnulf Indrebø	Henry Hereid Berit Vivelid Hereid
Granvin	Knut Endre Folkedal Roald Himle	Tore Holven Gunnar Hetland
Jondal	John Skogseth Sigrid Brattabø Handegard	Trygve Eiken Egil Strømme
Ullensvang	Olav Martin Opedal Erlend Nornes	Jarle Aarsand Kåre Grønsnes
Ulvik	Knut Sygnestveit Terje Breivik	Kjell V. Røkenes Knut A. Torbjørnsen
Voss	Sigbjørn Lien Geir Arne Aspebakken Kjartan Berland Einar Jordalen Kristian Østrem	Kjell Ove Lid Valborg Gulbrandsen Jon Terje Brakestad Randi Blomhoff Pedersen Arnstein Aas

For Granvin herad vart det endringar etter årsmøtet 25.4 då vara i representantskapet Gunvor Tveito Haugse vart vald inn i styret. Ho vart erstatta av Tore Holven. Jorunn Nestås hadde tidlegare flytta frå kommunen og vart erstatta av Knut Endre Folkedal. For Voss kommune hadde Kjartan Berland permisjon i 2. halvår 2001.

John Skogseth er leiar i Representantskapet

STYRET

Det har vore 9 styremøte i 2001, derav eit ekstra hausten 2001 i samband med vurdering av anke i oreigningssaka på Bjørkemoen. Viktige saker som har vore handsama er:

- godkjenning av årsmelding 2000
- strategidrøfting - ny selskapsform
- utbyggingsplan Bjørkemoen
- Retura AS, teikning av aksjar
- oreigningsskjøn Bjørkemoen
- budsjett 2002
- økonomiplan 2002-2005
- renovasjonsforskriftene 2002
- nye opningstider på Bjørkemoen
- ny prislister Bjørkemoen
- lokale lønsforhandlingar
- fullmakt - deponigassanlegget

Administrasjonen rapporterar til styret om den økonomiske utviklinga 6 gonger i året (28.2, 30.4 etc...) og om utviklinga i gjenvinningsordningane 3 gonger i året.

Styret har hatt følgjande medlemmer og varamedlemmer i 2001:

<i>Kommune</i>	<i>Medlem</i>	<i>Varamedlem</i>
Eidfjord	Harald Næss	Ola B. Hereid
Granvin	Gunvor Tveito Haugse	Lars Bjarte Røynstrand
Jondal	Lars-Arne Eide (på val 2002)	Anders Ellingsen (på val 2002)
Ullensvang	Jan Asbjørn Utne	Torbjørn Lutro
Ulvik	Gunnbjørg Øyre (på val 2002)	Øyvind Haga (på val 2002)
Voss	Audhild Rygg (på val 2002)	Asbjørn Nilsen (på val 2002)

Audhild Rygg er leiar i styret og Harald Næss er nestleiar.



Styret i Indre Hordaland Miljøverk. Bak frå venstre ser me Lars-Arne Eide, Harald Næss og Jan Asbjørn Utne. Framme frå venstre: Gunvor Tveito Haugse, Audhild Rygg og Gunnbjørg Øyre.

ADMINISTRASJON

Verksemda hadde 7 tilsette ved utgangen av 2001. Desse utgjorde tilsaman 6,2 årsverk. Det er innarbeidd prosedyrar som tek vare på helse-, miljø- og tryggleikssaspektet for dei tilsette. Arbeidsmiljøet i verksemda er bra, og sjukefråværet har vore på 33 dagar eller 2,3%. Det har ikkje vore skadar eller ulykker. Mot slutten av året vart det tilsett prosjektleiar i mellombels stilling for gjennomføring av prosjektet «Innsamling av plastemballasje». Dei tilsette ved årsskiftet er:

Kåre Flatlandsmo,	<i>dagleg leiar</i>
Gunnar Bråten,	<i>driftsleiar</i>
Sigfred Samlanes,	<i>økonomi (vikar for Helen K. Søbye, kontorleiar)</i>
John Olav Gjøstein,	<i>prosjektmedarbeidar</i>
Nils Gjeraldstveit,	<i>oppsynsmann Bjørkemoen</i>
Gunnar Fykse,	<i>driftsassistent Bjørkemoen (60%)</i>
Ellen T. Astrup,	<i>prosjektleiar (60%)</i>

Representantar frå administrasjonen og/eller styret har delteke på desse møta i løpet av året:

Møte

Tema	Arrangør
• Avfallsselskap; ny selskapsform og skjerpa konkurranse	Avfallsforum Vest
• Avløpsslam	Voss kommune / IHM
• Renovasjon på Finse	Ulvik herad
• Generell orientering	Ullensvang herad, Natur- og ressursutvalet
• Voldgiftssak Bjørke Sandtak m/ adv. Pål Helldal	Voss kommune / IHM
• Årsmøte og konferanse, Stvg.	Norske Renholdsverks Forening (NRF)
• RENAS- avfall, Haugesund	Avfallsforum Vest
• Avfall & Gjenvinning, Oslo	NRF, konferanse og utstilling
• Stiftelsesmøte, Retura AS	Stiftarane
• Informasjonsmøte, Bergen	Plastretur
• Generalforsamling, Rekom AS	Rekom AS
• Synfaring, jordskiftesak Utne	Hardanger jordskifterett
• Oreigningsskjøn, Bjørkemoen	Voss heradsrett
• Tiltak på Bjørkemoen	IHM / Miljøvernadv. Fylkesmannen
• Synergi 21, Stavanger Forum	Miljøverndepartementet

Kurs

• Årsavslutning løn	Auticon
• Rekneskapskurs	Info-tjenester
• Avfallsreduksjon	Norges Naturvernforbund
• PCB-kurs	Miljøvernadv. Fylkesmannen
• Offentlege innkjøp	NRF
• Leiarkurs	BedriftsUtvikling Norge AS

Kostnadene med juridisk hjelp har i 2001 vore på 233.282 kroner.

DEPONI

GENERELT

Luktproblema som vart rapportert i 2000 betra seg etter at det vart sett i verk tiltak i samråd med K9-gruppen som kom med vurdering av årsakene til luktpoblema og framlegg til tiltak. K9-gruppen trekkjer i ein rapport frå april 2000 fram deponering av store mengder usortert Bergensbos i perioden 1995-97 som den mest sannsynlege årsaka til luktpoblema som varde frå hausten 1999 og fram mot sumaren 2000. Tiltaka vart sett i verk i samarbeid med Fylkesmannen. Det er også sett opp gjerde rundt plassen og fylt opp med singel på botnduken for å dekkje overflatevatnet på det området som ikkje er oppfylt. Dette siste var for å oppfylle krav frå Fylkesmannen i august 2001.

Oreigningssaka om fastsetjing av vederlag for framtidig bruk av avfallsplassen på Bjørkemoen vart ført for Voss heradsrett 4-7 september 2001. Vederlaget vart av skjønnsretten fastsett til 5,35 millionar kroner som eit samla eingongsvederlag. Motparten har anka utmåling av vederlaget og saka vil evt. kome opp i Lagmannsretten seinare. Som følgje av at motparten anka vederlags-utmålinga har Voss kommune/IHM krevd sákalla aksessorisk motbegjæring for ein del av området der vederlaget etter vårt syn vart sett for høgt.

Det er godkjendt utbyggingsplan for det oreigna området på Bjørkemoen. Utbyggingsplanen er utarbeidd i samsvar med godkjend reguleringsplan. Med grunnlag i denne planen er vekta kome på plass, det er også kome på plass omlastingsrampar for gjenvinningsfraksjonar etter at all aktivitet på mellombels avfallsmottak på naboeigedomen vart avvikla mot slutten av 2001.

RESTAVFALLSMENGDER.

Me har vore forsiktige med å ta imot restavfall til deponiet etter at me igjen fekk tilgang mot slutten av 2000. I 2001 er det deponert 5.712 tonn restavfall, av dette er 3.709 tonn frå hushalda og 2.003 tonn frå næring. Etter at drifta har normalisert seg, kjem ein del næringskundar som normalt høyrer til vår i region attende med leveransar til oss. Restavfallsmengden er aukande.

MILJØOVERVAKING

I prøveprogrammet for sigevatnet er det frå nyttår 2001 gjort endringar slik at Priority Pollutants går ut. Grunngevinga for dette er at mest alle parameterane som inngår i priority pollutants vert testa ved analyse av PAH, fenolar og dei viktigaste aromatene. Dei einaste stoff det ikkje vert testa mot er då 3 sprøytmiddel (pesticider) som det kan takast separate prøvar av.

Sigevassmengda har gått noko ned i 2001, det har samanheng med at det har vore mindre nedbør enn året før. Utsleppet til Raundalselva var i 2001 på 28.492 m³.

Det er teke prøvar av sigevatnet kvar månad, og prøvar av grunnvatnet og Raundalselva ein gong i kvartalet.

Sigevatnet på Bjørkemoen er kjenneteikna av høgt innhald av jern, salt (målt som leidningsevne og klorid), organiske stoff (målt som kjemisk oksygenforbruk - KOF) og næringsstoff (målt som nitrogen og fosfor). Desse parametrane saman med surheitsgrad og fargetal er difor målt 4 gonger årleg i Raundalselva, 100 meter oppstraums utsleppet, like ved utsleppet og 300 meter nedstraums for å sjå kva påverknad utsleppet har på vatnet i elva. Tabellen under viser korleis desse parametrane endrar seg ved dei tre målepunkta. Det er brukt gjennomsnittsverdiar for dei 4 målingane.

Parameter	eining	100m opp- straums	ved utslepp	300m ned- straums	drikkevassnormer	
					tilrådd	største tillatt
Surheit		6,58	6,79	6,63	7,5-8,5	6,5 - 8,5
Leidningsevne	mS/m	1,22	4,33	1,95	40	40
Total nitrogen	ug/l	150	1435,5	962	-	1000
Ammonium	ug/l	11,5	1390,5	179,5	50	500
Klorid	mg/l	2,5	4,1	2,8	25	25
KOF	mg/l	1,15	2,05	1,2	2	5
Fargetal	mgPt/l	7	15,5	8,5	1	20
Jern	ug/l	11,5	293,5	96	50	200

Gjennomsnittsverdiar for viktige parametrar 100 meter oppstraums, ved utsleppet og 300 meter nedstraums sigevassutsleppet på Bjørkemoen. Samanlikna med drikkevassnormer.

Målte verdiar er samanlikna med tilrådde og største tillatte verdi for drikkevassnormene. Ved utsleppet ser me at verdiane for enkelte parameterar går høgt, men 300 meter nedstraums utsleppet ligg verdiane innanfor tillatt verdi for drikkevatt. Ved dette punktet ligg også dei fleste parametranne innanfor tilrådd verdi for drikkevassnormene. For fargetal og surheitsgrad ser me at verdien ligg utanfor tilrådd norm alt oppstraums utsleppet.

INNSAMLING OG TRANSPORT

Den første 5-års kontrakten med ein transportør for heile regionen gjekk ut ved årsskiftet 2000/2001. Sumaren 2000 var det klart at Torstein Øvsthus & Sønner AS på nytt vann fram med sitt tilbod for perioden 2001- 2005. Tilbodet var basert på ei omfattande omlegging av rutenettet og bruk av to-kammerbilar. På denne måten kunne restavfall og bioavfall hentast samstundes hos brukaren. Dette gav økonomisk vinst ved at det samla sett var behov for ein bil mindre, men det førde også til fullstendig omlegging av tømekalendaren som i sin tur krevde eit gjennomtenkt informasjonsopplegg overfor brukarane. Det var stor spenning knytt til det nye opplegget, men det vart vél motteke av brukarane og det er no godt innarbeidd. Det nye ruteopplegget har ført til årlege innsparingar på over ein halv million kroner for IHM. Uheldigvis vart dei nye busbilane forseinka slik at dei først komi drift i mai 2001. I mellomtida vart det køyrt med dobbelt sett bilar på rutene.

Dei store sideflatene på komprimatorkassene eignar seg godt til å formidle ymse budskap, og VK1-klassen i teikning, form og farge ved Voss Husflidskule fekk i oppgåve å teikne framlegg til motiv. Resultatet på to av bilane viser nedanfor




GJENVINNING

Gjenvinningsprosenten aukar gradvis, og er no oppe i vél 54% gjenvinning av alt avfall. Så godt som alt gjenvunne avfall vert samla på Bjørkemoen før det vert levert vidare til våre samarbeids-partnere. Renas-avfall (elektrisk avfall frå industrien), er den fraksjonen som har auka mest i 2001. Etter 73 % auke utgjer det no 135 tonn. Elles er det auke i papirfraksjonen medan bioavfall har stått stille. Delen av hushalda som driv med heimkompostering, ligg stabilt på 33%. Lista over kven me leverar gjenvinningsfraksjonane til ser slik ut ved utgangen av 2001:

Fraksjon	Avtale med	Produksjonsanlegg
Papir	Norsk Gjenvinning, Sotra Sortering og pressing	Norske Skog, Skogn
Papp	Norsk Gjenvinning, Sotra Sortering og pressing	Fleire
Bioavfall	Bioplan Hardanger	Lindenes, Odda
Drikkekartong	Norsk Gjenvinning, Sotra Sortering og pressing	Norsk Returkartong, Hurum
Glas	Norsk Glasgjenvinning	Onsøy, Fredrikstad
Plast	Plastretur	Fleire
Landbruksplast	Plastretur	Folldal Gjenvinning
Klede/sko	UFF	Skedsmo
Metall	HAG, Bergen og Hardanger Gjenvinning	Laksevåg, Bergen / Kinsarvik
Kuldemøblar	Norsk Gjenvinning	Miele, Drammen
EE-avfall kvitevarer	El-retur/ Norsk Gjenvinning	Fleire
Industrielektro	Renas/ Rekom/ATS	Fleire
Spesialavfall	Norsk Gjenvinning	Flesland/Renor/NOAS

Oversikt over kvar einskilde gjenvinningsfraksjonar vert levert

Samansetjing av forbruksavfall pr. 31.12.2001



* Anna attvinning består av m.a. klede, sko, kvitevarer, elektrisk- og elektronisk avfall, plast, drikkekartong, papp, kuldemøblar og spesialavfall.

NY SELSKAPSFORM

Ny lov om interkommunale selskap (LIKS) vart vedteken i byrjinga av 1999, og interkommunale selskap må tilpasse seg den nye lova innan 1.1.2004 dersom det i mellomtida ikkje er funne ei anna selskapsform.

Representantskapet vart i april 2000 orientert om dei alternative selskapsformene som er aktuelle. I utgangspunktet er det tre alternativ:

- | | | |
|----|-------------------------------|-------------------------------|
| 1. | Interkommunalt samarbeid (IS) | Kommuneloven §27 |
| 2. | Interkommunalt selskap (IKS) | Lov om interkommunale selskap |
| 3. | Aksjeselskap (AS) | Lov om aksjeselskap |

Alternativ 1 om interkommunalt samarbeid (IS) vart tidleg vurdert som lite aktuelt. Alternativ 2 (IKS) og alternativ 3 (AS) stod då att.

Strategidebatten som styret har vore gjennom det siste året har lagt grunnlaget for styret si meining om selskapsform. Frå nokre kommunar er det undervegs i prosessen kome signal om at aksjeselskap er ei aktuell selskapsform og styret gav advokat Gunnar Sætre i advokatfirmaet Wesenberg, Komnes & Sætre ANS i oppdrag å kome med ei utgreiing om dei viktigaste skilnadene mellom akjeselskap og interkommunalt selskap.

Etter ei samla vurdering er styret samstemde om at IHM bør organiserast som eit interkommunalt selskap (IKS) etter den nye lova om interkommunale selskap og tilrådde dette overfor representantskapet hausten 2001. Tidleg i 2002 er saka oversend til kommunane for handsaming.

Styret meiner vidare at selskapet sitt forhold i høve til noverande og framtidige oppgaver bør formulerast slik:

Forretningsidé:

Å gje eit miljørett og kostnadseffektivt tilbod på avfallstenester til alle i vår region.

Visjon:

Å vere ein pådrivar for å redusere avfallsmengdene og for å fremje ei miljørett utvikling i regionen.

Mål:

IHM skal vere ein seriøs aktør med tillit i marknaden. Forvaltningsoppgåvene skal ivaretakast på ein slik måte at kommunane får sine oppgaver løyste i samsvar med lovverket, og slik at brukarane opplever tilbodet som meiningsfylt.

Strategi:

For å nå måla vil IHM setje fokus på avfallsreduksjon og effektiv forvaltning.

I eit breiare perspektiv vil IHM samarbeide med aktuelle aktørar for å vidareutvikle dei naturlege ressursane i regionen.

Meir konkret er strategien for å nå målsetjinga lista opp gjennom generelle tiltak og tiltak retta mot avfallsreduksjon og forvaltning.

ØKONOMI

Etter at brukarane sjølve fekk høve til å velje gebyrklasse frå begynnelsen av 2000 har det vore ein jamn overgang av brukarar frå normalhushald til småhushald og i alle kommunane har det no lenge vore overvekt av småhushald.

Statistisk Sentralbyrå definerar «det gebyret som flest hushald i kommunen betalar» som hovudgebyret i kommunen. For alle kommunane i IHM-regionen er det flest hushald som betalar gebyr for «Småhushald uten kompostering». Hovudgebyret er difor 1 293 kroner uten mva.

Gebyra har vore slik i 2001:

alle tal i kroner uten mva	uten heimekompostering	med heimekompostering
Småhushald	1 293	938
Normalhushald	1 825	1 293
Storhushald	2 446	1 825
Fritidsbustader	671	

Hausten 2001 gjorde kommunane, etter framlegg frå selskapet, vedtak om at gebyret for renovasjon skulle vere det same for 2002 som for 2001. Dette reflekterer at økonomien i verksemda er etter måten god. Årsaka til dette er at planlagde investeringar er skyvde fram i tid på grunn av den uvisse som har rådd omkring eigedomstilhøva på Bjørkemoen. Men no er arbeidet med deponigassanlegget i gang og sigevassrensinga står for tur. Styret har difor nytta høvet til å setje av midlar til utbyggingsformål på Bjørkemoen, slik at det skal vere mindre behov for å låne pengar når utbygginga kjem. Samstundes vert det minna om at drifta av deponigassanlegget og sigevassrensinga vil auke driftskostnadene på Bjørkemoen i åra framover. På den andre sida ser me i år resultatet av meir effektiv drift på andre felt innan deponidrifta. Grunnlaget for fortsatt drift er tilstades.

Styret har gjort følgjande avsetjingar i rekneskapet for 2001:

Renseanlegg for sigevatn:	1.000.000 kroner
Deponigassanlegg:	750.000 kroner
Utbyggingsformål Bjørkemoen:	1.000.000 kroner
Utviding av deponiet:	500.000 kroner
Avslutting av deponi og etterdrift:	250.000 kroner

Rekneskapen er deretter gjort opp med eit overskot på 486.017,40 kroner som vert framført til udisponert overskot.

Avskrivninga har vore på 965.948 kroner. Det har vore investert for 1.946.964 kroner, m.a er det gjort investeringar på anleggsområdet på Bjørkemoen, til deponigassanlegg og forskot på oreigningsvederlag til grunneigar på Bjørkemoen.

Det er ikkje teke opp nye lån i 2001, det er betalt ned gjeld med 200.000 kroner og lånegjelda ved årsskiftet er 800.000 kroner.

Eigenkapitalen er no på 7.332.840 kroner som tilsvarar ein eigenkapitalprosent på 55.


Av kommunane i Hordaland er det i 2002 berre Etne (1.553) og Fjell (1.587) som har lågare gebyr for avfallshandsaming enn IHM-kommunane (1.603 kroner). Høgast avfallsgebyr i Hordaland har Meland kommune med 2.569 kroner pr. år. Tala er teke frå ein oversikt over gebyr for kommunale tenester presentert i Bergens Tidende den 8.2.2002 og er inkl. mva.

Renovasjonsgebyr i Hordaland år 2002 for bustader og hytter.


Tal i kroner inkl. mva		
Kommune	Bustad	Hytte
Meland	2569	1285
Masfjorden	2485	1242
Fedje	2480	1240
Modalen	2458	1229
Austrheim	2443	1222
Lindås	2442	1221
Radøy	2434	1252
Vaksdal	2382	1029
Samnanger	2291	1313
Askøy	2251	1125
Kvam	2228	1115
Kvinnherad	2180	930
Tysnes	2144	1226
Austevoll	2139	961
Bergen	2135	-
Fusa	2133	1029
Fitjar	2132	750
Os	2095	1048
Sund	2071	1736
Stord	2057	930
Bømlo	2020	831
Sveio	1997	930
Odda	1915	909
Osterøy	1812	1066
Øygarden	1612	1209
Eidfjord	1603	832
Granvin	1603	832
Jondal	1603	832
Ullensvang	1603	832
Ulvik	1603	832
Voss	1603	832
Fjell	1587	694
Etne	1553	932

Kjelder: Bergens Tidende 8.2.2002

Driftskostnader 2001



Driftsinntekter 2001



REKNESKAP 2001

RESULTATREKNESKAP 2001

	REKNESKAP 2001	NOTE	BUDSJETT 2001	REKNESKAP 2000
DRIFTSINNEKTER				
gebyr	17 002 866,00		16 300 000	16 283 479
driftsinntekter på deponi	1 403 969,67		900 000	971 827
refundert slutthands.avgift	479 072,38		642 000	243 169
containerleige	270 569,81		393 000	440 731
gjenvinningsordningar	717 449,54		430 000	845 473
diverse inntekter	1 313 932,26	8	302 000	1 014 858
Sum driftsinntekter	21 187 859,66		18 967 000	19 799 536
DRIFTSKOSTNADER				
innsamling og transport	5 836 825,82		5 972 000	6 570 640
driftskostnader på deponi	3 149 479,98		3 770 400	4 495 586
slutthandsamingsavgift	1 808 889,72		1 926 000	1 629 690
gjenvinningsordningar	3 043 245,06		2 938 200	2 981 453
administrasjonskostnader	431 899,62		352 100	628 211
advokat, konsulentar	245 012,26		250 000	-
skjønskostnader	433 655,32		0	-
informasjon,annonser	210 990,26		220 000	158 158
personalkostnader	1 802 101,25	2	1 693 000	1 645 234
reiser, møter	182 018,77		160 000	154 246
avskrivningar	965 947,93	1,4	961 300	874 230
tap på krav	15 657,61	3	30 000	20 013
diverse kostnader	56 062,73		44 000	9 014
Sum driftskostnader	18 181 786,33		18 317 000	19 166 476
DRIFTSRESULTAT	3 006 073,33		650 000	633 060
FINANSINNEKTER				
Renteinntekter	310 177,50		50 000	100 923
FINANSKOSTNADER				
Rentekostnader	-80 233,43		-200 000	-78 324
Sum finansinntekter/kostnader	229 944,07		-150 000	22 599
AVSETJINGAR FOND				
Renseanlegg sigevatn	-1 000 000,00		-500 000	-200 000
Deponigassanlegg	-750 000,00		0	-
Utbyggingsformål Bjørkemoen	-1 000 000,00		0	-
Sum avsetjingar i fond	-2 750 000,00		-500 000	-200 000
ÅRSRESULTAT	486 017,40	7	0	455 659

BALANSE 2001

EIGEDLAR

	2001	Note	2000
Anleggsmidler		1,4	
sentrale miljøstasjonar	776 389,00		812 021,65
deponi	1 028 914,38		447 614,42
deponigassanlegg	393 750,00		0,00
pumpeanlegg sigevatn	381 850,20		424 278,00
kontorbrakke	12 142,74		13 491,93
containerar	1 622 776,48		1 439 514,13
avfallsbeholdarar	1 905 351,00		1 999 574,41
Inventar/tele-/datautstyr	210 186,38		212 057,74
bygningmessig opprusting	7 165,70		8 957,12
aksjar, langsiktige	54 000,00	1	11 500,00
Sum anleggsmidler	6 392 525,88		5 369 009,40
Omløpsmidlar			
påkomne inntekter	112 139,19		112 139,19
avsett, tap på krav	-38 256,69		-34 782,18
utestående krav	1 750 556,34	5	3 214 214,00
bankkonto skattetrekk	118 484,16		120 415,42
bankkonto særvilkår	4 961 576,55		1 882 483,75
bankkonto	7 566,10		7 229,98
bankkonto	27 349,29		12 397,29
kasse	3 741,00		5 513,00
Sum omløpsmidlar	6 943 155,94		5 319 610,45
SUM EIGEDLAR	13 335 681,82		10 688 619,85


GJELD OG EIGENKAPITAL


	2001	Note	2000
Eigenkapital			
interessekapital	-100 000,00	6	-100 000,00
fond renselanlegg	-2 444 127,82		-1 444 127,82
fond deponigassanlegg	-750 000,00		0,00
fond utbyggingsformål Bjørkem	-1 000 000,00		0,00
udisponert overskot	-2 552 694,93		-2 097 036,11
berekna resultat	-486 017,40		-455 658,81
Sum eigenkapital	-7 332 840,15		-4 096 822,74
Langsiktig gjeld			
lån sparebanken Hardanger	-800 000,00	5	-1 000 000,00
Sum langsiktig gjeld	-800 000,00		-1 000 000,00
Kortsiktig gjeld			
leverandørgjeld	-2 725 240,16	5	-1 743 599,22
kassakreditt	1 793 052,21		378 642,83
skuldig forskotstrekk	-105 599,00		-110 816,00
skuldig arbeidsgjevaravgift	-31 223,73		-58 091,27
pensjonstrekk 2%	-31,53		1 323,11
oppgjerskonto mva.	-317 889,40		-411 668,67
slutthands.avg., skuldig	-166 172,00		-99 526,00
avsette feriepengar	-167 917,27		-157 398,57
arb.gj.avg. påløpne feriepengar	-47 674,59		-21 968,31
påkomne renter	-28 470,30		-24 447,29
påkomne kostnader	-175 608,50		-864 180,32
bosplass	-3 230 067,40		-2 480 067,40
Sum kortsiktig gjeld	-5 202 841,67		-5 591 797,11
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD	-13 335 681,82		-10 688 619,85


Voss, 31. desember 2001


20. mars 2002


INDRE HORDALAND MILJØVERK DA


Audhild Rygg
styreleiar



Harald Næss
nestleiar



Gunnvor Tveito Haugse


Lars-Arne Eide


Jan Asbjørn Utne


Gunnbjørg Øyre


Kåre Flatlandsmo
dagleg leiar


Steinar Stigum Olsen
revisor

NOTAR TIL REKNESKAPEN 2001

Note 1 - Rekneskapsprinsipp

IHM følger regelverket som gjeld for små føretak, jfr. Lov av 17.juli 1998 nr. 56 om årsregnskap (Rekneskapslova). Verksemda sin rekneskap vert som hovudregel ført etter Rekneskapslova sine prinsipp.

Anleggsmidlar er ført med skaffekostnad og tilgang/frågang med fråtrekk av avskrivningar. Avskrivningane vert gjort etter saldometoden, jfr. note 4.

Aksjar er ført med skaffekostnad.

Note 2. Lønnskostnader

IHM hadde 7 tilsette ved utgangen av 2001. Desse utgjorde tilsaman 6,2 årsverk.

Løn og feriepengar	kr 1 664 500,- (herav dagleg leiar kr 373 764,-)
Arbeidsgjevaravgift	kr 270 442,-
Pensjonskostnader*)	kr 212 536,- (herav dagleg leiar kr 29 443,-)
Andre personalkostnader	kr 13 150,-
Styre og representantskap	kr 119 873,-
Revisor	kr 17 000,-

*)Kommunal Landspensjonskasse (KLP), arbeidsgjevar sin del av premien.

Note 3. Tap på krav

Tap på krav er vurdert til 1% av pålydande kundefordringer for verksemder og privatpersonar.

Note 4. Anleggsmidlar og avskrivningar

IHM nyttar saldoavskrivningar i sin rekneskap.

Anleggsmiddel (avskr.sats)	Saldo pr 01.01.01	Tilgang/ avgang	Avskrivning	Saldo pr 31.12.01
Bygn.messig opprustning (20%)	8 957		-1 791	7 166
Deponi - 5 år (20%) *)	164 987		-32 997	131 990
Deponi - 10 år (10%)	238 872	376 507	-61 538	553 841
Deponi - 20 år (5%)	27 197	320 000	-17 360	329 838
Renseanlegg sigevatn (20%)	16 558		-3 312	13 247
Pumpeanlegg sigevatn (10%)	424 278		-42 428	381 850
Deponigassanlegg (10%)		437 500	-43 750	393 750
Kontorbrakke (10%)	13 492		-1 349	12 143
Sentral miljøstasjon Eidfjord (10%)	185 133		-18 513	166 620
Sentral miljøstasjon Granvin (10%)	129 138	30 633	-15 977	143 794
Sentral miljøstasjon Bjørke (10%)	75 923	20 000	-9 592	86 331
Sentral miljøstasjon Ullensvang 1 (10%)	229 702		-22 970	206 732
Sentral miljøstasjon Ullensvang 2 (10%)	192 125		-19 213	172 913
Inventar/tele-/datautstyr (20%)	212 058	50 675	-52 547	210 186
Avfallsbeholdarar (15%)	1 999 574	242 015	-336 238	1 905 351
Containerar (15%)	1 439 514	469 634	-286 372	1 622 776

*) Det har tidlegare vore nytta ein avskrivingsats på 20% på deponiet, sidan det stort sett vart gjennomført investeringar med kort levetid. Denne situasjonen har no endra seg, og investeringar på deponiet vert no fordelt i korte, mellomlange og lange med ulike avskrivingsatsar.

Note 5. Kundefordringer, gjeld og garantiplikt

Utestående krav og leverandørgjeld er ført i balansen med pålydande.

Den langsiktige gjelda utgjør kr 800 000,-. Etter planen vert dette lånet nedbetalt med kr 200 000,- pr år, slik at dette lånet vil være oppgjort innan fem år.

IHM har pr 31.12.01 kommunale garantiar for lån på kr 8,5 mill, jfr. vedtekter gjeldande frå 19.01.94.

Note 6. Interessekapital

IHM sin interessekapital er innbetalt av medlemskommunane på grunnlag av folketalet pr 01.01.96:

Kommune	Folketal	%	Del av interessekapital
Eidfjord	1 080	4,8	4 800,-
Granvin	1 031	4,6	4 600,-
Jondal	1 253	5,6	5 600,-
Ullensvang	3 947	17,5	17 500,-
Ulvik	1 251	5,5	5 500,-
Voss	13 969	62	62 000,-
SUM	22 531	100	100 000,-

Note 7. Årsresultat

Overskotet i år 2001 vert føreslått nytta på følgjande måte

(jfr. representantskapsmøte 25.10.00, sak 2 og styremøte 05.12.01, sak 01/30):

Avsetjing til fond renseanlegg sigevatn	kr 1 000 000,-
Avsetjing til fond deponigassanlegg	kr 750 000,-
Avsetjing til fond utbygging Bjørkemoen	kr 1 000 000,-
Overføring til udisponert overskot	kr 486 017,40

Note 8: Diverse driftsinntekter

Denne posten omfattar følgjande:

• Sal av diverse utstyr (bioposar, containerar, bossekker og sorteringsutstyr), tilsaman	kr 139 962,-
• Kommunal del av renovasjonsgebyret	kr 281 475,-
• Refusjon av kostnader i tilknytning til avfallshandsaming, innsamling og transport	kr 889 346,-
• Purregebyr	kr 3 150,-



Indre Hordaland Revisjonsdistrikt

Til

Representantskapet for IHM


REVISJONSMELDING FOR 2001

Vi har revidert årsrekneskapen for det interkommunale samarbeidet Indre Hordaland Miljøverk for rekneskapsåret 2001, som viser eit overskot på kr 486 017,40. Årsrekneskapen inneheld resultatrekneskap, balanse og noteopplysningar. Årsrekneskap og årsmelding er avgitt av dagleg leiar i miljøverket. Oppgåva vår er å uttala oss om årsrekneskapen og tilhøve elles, i samsvar med krav i forskrift om revisjon av 13. januar 1993.

Vi har utført revisjonen i samsvar med forskrift om revisjon og god kommunal revisjonsskikk. God kommunal revisjonsskikk krev at vi planlegg og utfører revisjonen for å oppnå god nok tryggleik for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon. Revisjon femner om kontroll av utvalde delar av materialet som underbygger informasjonen i årsrekneskapen, vurdering av vesentlege estimat og dei rekneskapsprinsipp som er nytta, samt vurdering av innhaldet i og presentasjonen av årsrekneskapen. I den grad det fylgjer av god kommunal revisjonsskikk, femner revisjonen òg om ei gjennomgang av miljøverket si økonomiforvaltning og den interne administrative kontrollen. Vi meiner at vår revisjon gir eit forsvarleg grunnlag for den fråsegna vi kjem med her.

Vi meiner at årsrekneskapen er avlagt etter lov og gjeldande forskrifter og gir eit uttrykk for miljøverket si økonomiske stilling 31.12. 2001 og resultatet i rekneskapsåret som er i samsvar med god rekneskapsskikk.

Voss, 22. mars 2002


Steinar Stigum Olesen
revisjonssjef

HOVUDKONTOR VOSS
Kontoradresse: Ultrågata 6
Postadresse: Postboks 274, 5702 Voss
E-post: ihrvoss@online.no
Org.nr.: NO 971 543 124

Telefon 56 51 49 00
Telefax 56 51 48 88
Bank 9581.05.09490

**Avdelingskontor
Odda**

Rådhuset, 5750 Odda
Telefon 53 65 44 50
Telefax 53 65 44 57
E-post: ihrodde@online.no

**Avdelingskontor
Norheimsund**

Postboks 3, 5601 Norheimsund
Telefon 56 55 12 89
Telefax 56 55 12 81

PLANAR FRAMOVER

Uttak av metangass

I desember 2001 vart det skriva kontrakt med Etech Process AS i Kristiansand om bygging av prosessbygg for deponigassanlegg. Løysinga byggjer på eit konsept med horisontale brønner, dvs. sugerøyr som ligg 3-4 meter under overflata. Det er rekna at det i denne fasen er behov for omlag 1000 meter med grøfter på fyllplassen, og gravearbeidet tek til så snart frosten går or jorda til våren. Tilbodet på prosesshuset er på 850.000 kroner uten avgifter og grøftearbeidet med tilhøyrande røyrer er kalkulert til eit tilsvarande beløp.

Nytt renseanlegg for sigevatn

Uttak av metangass til produksjon av energi har aktualisert tanken om å prøve membranrensing av sigevatnet. Denne type sigevassrensing har ikkje vore prøvd i Noreg tidlegare, mest på grunn av at det er ein energikrevande og såleis dyr prosess. Dersom det er mogeleg å produsere nok energi til eige bruk frå uttak av metangass, vert reknestykket noko annleis. Styret ønskjer no å sjå desse to prosessane i samanheng, og i første omgang vert det difor interessant å sjå kor mykje gass det er mogeleg å få ut av fyllinga.

IHM har tidlegare fått utarbeidd eit skisseprosjekt for å forbetre sigevassrensinga på Bjørkemoen. Skisseprosjektet er utarbeidd av InterConsult og er basert på to dammar, eit utjammingsbasseng og eit etterpoleringsbasseng, lufta lagune. Midt i prosessen ligg eit aktivslam-anlegg.

Sigevassrensing basert på membranrensing gjev mykje betre resultat for rensing av kvar einiskild parameter enn aktivslam metoden. Men membranrensing vil også kreve eit utjammingsbasseng av same storleik som aktivslam for å utjamne nedbørstoppane.

Ny selskapsform

Styret og representantskapet har sagt sitt om ny selskapsform for IHM, og saka er no sendt vidare til kommunane som skal gjere endeleg vedtak våren 2002. Tilrådinga frå styre og representantskap lyder på Interkommunalt selskap, IKS etter Ny lov om interkommunale selskap frå 1999.

Innsamling av plastemballasje

Innsamling av plastemballasje vil starte med utdeling av sekker i februar månad og innsamlingsstart i mars 2002. Plast i ymse former utgjer no i overkant av 20% av hushaldsavfallet som vert deponert. Det er difor eit stort potensiale i dette prosjektet, og det vert satsa mykje på å nå ut til hushalda med informasjon.

Indre Hordaland Miljøverk arbeider med kommunale renovasjonsordningar og miljøvenleg avfallshandsaming i desse kommunane



EIDFJORD
KOMMUNE



GRANVIN
HERAD



JONDAL
KOMMUNE



ULLENSVANG
HERAD



ULVIK
HERAD



VOSS
KOMMUNE

123456789

123456789

123456789

123456789

123456789

123456789

123456789

123456789

123456789

123456789

123456789



Indre Hordaland
Miljøverk

er eit interkommunalt selskap for kommunane Eidfjord, Granvin, Jondal, Ullensvang, Ulvik og Voss. Selskapet arbeider med kommunale renovasjonsordningar og miljøvenleg avfallshandsaming.

Adresse: Postboks 161
5701 Voss

Kontor: Vangsgata 22B
5700 Voss

Telefon: 56 52 99 00
Telefax: 56 52 99 01

E-post: ihm@ihm.no
Heimeside: www.ihm.no